

# Radøy kommune

## Saksframlegg

Saknr	Utval	Type	Dato
098/2015	Formannskapet i Radøy	PS	26.11.2015
	Kommunestyret i Radøy	PS	

Sakshandsamar	Arkivsaknr.:	Dokumentnr.:
Johan Fredrik Bøschen Sandal	15/2064	15/13790

## Bustadsosial handlingsplan 2015-2020

### Saksopplysingar:

#### Bakgrunn

Framlegg til Bustadsosial handlingsplan er i hovudsak ei rullering av tilsvarende plan for 2010-2014. Revidert plan er tenkt for perioden 2015-2020. Det må framhevast at dette er ein temaplan og såleis har avgrensa høyringar.

Bustadsosial handlingsplan har ikkje vore gjenstand for tunge utgreiingsprosessar. Planen har vore send til uttale til tenesteleiarar i helse og omsorg, og vore på høyring i Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne.

#### Planen har to føremål:

1. Gi ein sosialpolitisk retning som administrasjonen må innretta sin praksis etter
2. Oppfylle krav Husbanken stiller for at kommunen skal kunna søkja midlar til bustadsprosjekt

Det har vore møte med Husbanken for å avdekka deira krav til kommunen når det gjeld forankring av planar opp mot politisk nivå. Husbanken uttalar at bustadsosial plan er tilstrekkeleg planmessig.

Framlegget til bustadsosial handlingsplan har vore til høyring i Eldrerådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Dei to råda gav god tilbakemelding på planen i si noverande form og tenkjing.

Kommunalsjefen vurderer planen til å vera eit verktøy med ein sosialpolitisk profil i kommunen sitt arbeid med - og ansvar for ei definert målgruppe. Planen tilfredsstiller krav frå Husbanken i samband med mogleg søknad om støtte til gode bustadformål. Ulike bustadsosiale problemstillingar kan ideelt sett vera forankra i ein slik plan, men då vil det vera ein plan som gir ei meir politisk retning enn kva ambisjonen med denne planen er. Tiltak i bustadsosial handlingsplan vil såleis bli lagt fram for politisk behandling på saksnivå. Administrasjonen meiner dette er eit fornuftig opplegg, også fordi ein i planperioden skal i dialog med andre kommunar og må vurderer kva som er tenleg av funksjonar i Radøy. Dette vil også vera tema som bør vurderast knytt til bygging av ein mogleg ny kommune.

Administrasjonen har starta arbeid kring ein helse- og sosialpolitisk plan. Denne planen bør gjelda frå 2016 og ha ei breiare forankring for heile tenesteområdet. Ein helse- og sosialplan må ha eit

overordna fokus og ha strategiske vurderingar for Radøy i perioden framover. Her bør ein t.d. ta stilling til vurderingar knytt til busetjing og lokalisering av spesialiserte funksjonar. Sentrale spørsmål i denne samanheng er kva funksjonar som er viktige å ha lokalisert på Manger, og på kva område det er viktig å styrka kompetanse med samordning.

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Framlegg til bustadsosial handlingsplan vert godkjend.

**Formannskapet i Radøy - 098/2015**

**FS - handsaming:**

Formannskapet etterlyser ei klarare definering av kva brukargrupper bustadsosial handlingsplan skal omhandla, og ei tydelegare kartlegging av behov knytt til dei aktuelle brukargruppene. Mellom anna bør behovet for bustadar for flyktingar med i planen, og behovet for akuttbustader må vurderast. Det vart også sett forventingar til at dei ulike tenesteområda er trekt med i planprosessen.

**Det vart gjort følgjande felles framlegg til vedtak:**

Formannskapet ber rådmannen arbeida vidare med bustadsosial handlingsplan utfrå signal i møtet.

**FS - vedtak:**

Formannskapet ber rådmannen arbeida vidare med bustadsosial handlingsplan utfrå signal i møtet.

**Vedlegg:**

BUSTADSOSIAL HANDLINGSPLAN

Bustadsosial handlingsplan - høyring eldreråd - råd for menneske med nedsett funksjonsevne